

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.- 21.02.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta ligg hos fylkeskommunane, men Stortinget har opna opp for ei frivillig prøveordning der kommunar kan søkje om å få ta over ansvaret for tannhelsetenesta frå 01.01.2020. Helse- og omsorgsdepartementet har ansvaret for å leggje til rette for denne prøveordninga som er 3-årig, og som skal gjelde for om lag 15 kommunar på landsbasis.

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt fylkesmennene kartleggje kva for kommunar som ønskjer å vere med i prøveordninga.

Kommunane som ønskjer å overta ansvaret frå 2020, skal så tidleg som mogleg innleie samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og fylkeskommunen slik at det vert tid til å greie ut og gjennomføre dei rettslege, praktiske og økonomiske sidene ved oppgåvefordelinga.

Nye Øygarden kommune har meldt tilbake at dei er positive til kommunal prøvedrift.

Det er til no ikkje avgjort kva for kommunar som skal vere med i prøveordninga. Dersom Nye Øygarden kommune vert med, vil ei overføring til kommunen skje som ei verksemdsoverdraging. Overtakinga skal omfatte som utgangspunkt alle plikter, egedelar og avtalefesta rettar, slik som mellom anna leigeavtalen for tannklinikken, for at Nye Øygarden kommune skal kunne vareta ansvaret for tannhelsetenesta på ein forsvarleg måte.»